

## **Møtebok for Ålesund kyrkjelege fellesråd**

**Møtedato:** 03.11.2020  
**Møtetid:** kl. 16:30  
**Møtested:** Skodje tenestehus

### **Tilstades:**

Knut Anders Oskarson, Elsa Irene Kjærstad, Haldor Lillebø, Per Anders Reitan, Oddvar Leif Bjørge, Olav Wangensteen, Rigmor Eide, Arnstein Sæthre, Sigmund Stene, Karin Lervik, Edvard Orvik, Svein Runde, Tore Johan Øvstebø.

### **Meldt forfall:**

Jens Aksnes.

### **Frå administrasjonen:**

Kyrkjeverje Andrea Hunger og driftsleiar Geir Aure

Asbjørg O. Sve orienterte om kyrkjelydsarbeidet i Skodje sokn.

## **Saker**

### **Sak 040/20Møtebok og meldingar 031120**

#### *Vedtak:*

Møtebok etter fellesrådetmøte 30. september 2020 godkjennes. Møteplan for første halvår 2021, orientering om drift og Debatnotat tas til vitande.

### **Sak 041/20Innspelmøte - ny organisering av kyrkja**

#### *Møtebehandling*

Endringsforslag frå Oskarson om å styrke avsnitt 3-5, ble samråysta vedtatt.

#### *Tilleggsforslag Sæthre:*

Vi synes det er synd at modellen Prostifellesskap er den einaste modellen det blir arbeidd med. Vi meiner at eit prostifellesskap vil skape større avstand til lokal forankring og til kommunen.

Slik vi oppfattar framlegget til prostifellesråd gjeld dette berre arbeidsgjevarfunksjonen. På alle andre områder bør sokna sjølv kunne avgjere kven dei vil samarbeide med og på kva måte det skal skje.

Tilleggsforslag falt med 12 mot en røyst.

#### *Vedtak:*

Kyrkjeverja sender vidare innspel til ny organisering til kyrkjerådet, med vedtatt innspill frå møte.  
«Det er viktig å huske at vi er og blir store organisasjoner som treng gode leiarar som er rik på kunnskap og er organisatorisk sterke. Vidare må ein være sterkt på økonomi og administrasjon og personalleiing og vidare ha god kjennskap til Den norske kyrkja. Det er viktig med god kjennskap og gode relasjonar til kommunen.



# DEN NORSKE KIRKE

Ålesund kyrkjelege fellesråd

Ei ny organisering må bevare det lokale, kyrkja må vere lokalt forankra og Kyrkjemøtet må ivareta lokalkyrkja. Det er viktig med ein nær og god relasjon mellom kyrkje og kommune – med både formelle og uformelle møtepunkt. Vi hører til i ei kyrkje, der biskopen har ei viktig rolle i fagleg utvikling og inspirasjon.

Vi synes det er synd at modellen Prostifellesråd er den einaste modellen det blir arbeidd med.  
Vi meiner at eit prostifellesråd vil skape større avstand til lokal forankring og til kommunen.»

## Sak 042/20 Høyring Kirkerådet

Vedtak:

### 1. Endringer i kirkeordningen og enkelte andre regler

**Møtebehandling:** Kyrkjeverjen sitt forslag er samrøysta vedtatt.

Tilleggsforslag frå Sæthre: §8 Kyrkjerådet kan foreta tilpassingar av bestemmelsene om kyrkjelege fellesråd. Tilleggsforslag falt med 11 mot 2 røyste.

**Vedtak:** Ålesund kyrkjelege fellesrådet er samd i dei forslaga til endringar i kyrkeordninga.

### 2. Høring om kirkevalg – overordnede problemstillinger

#### A. Modell for listevalg ved valg av leke til bispedømmeråd og Kirkemøtet

**Møtebehandling:** Tilleggsforslag frå Orvik: Han foreslår modell A som er en fortsettelse av førre modell. Tilleggsforslag vant med 12 mot 2 røyste.

**Vedtak:** Ålesund kyrkjelege fellesrådet er samd med kyrkjerådet i tilrådinga til modell A.

#### B. Mulighet for å supplere lister og kandidater ved valg til menighetsråd

**Vedtak:** Ålesund kyrkjelege fellesrådet tilrår punkt 1.

#### C. Kommunikasjon om lister og kandidatar

**Vedtak:** Ålesund kyrkjelege fellesrådet er samd i tilrådinga til kyrkjerådet om alternative 1 som er det enklaste og beste alternativet.

#### D. Tid og sted for val

Møtebehandling: Kyrkjeverje sitt forslag fekk 12 røyster mot 1.

Tilleggsforslag frå Sæthre: Kyrkjelege val skal haldast i kyrkja. Valet kan haldast på same tid som val til Storting, fylkesting eller kommunestyre. Det må være høve til



# DEN NORSKE KIRKE

Ålesund kyrkjelege fellesråd

førehandsstemming i alle sokn.

Tilleggsforslag falt med 12 mot 1 røyst.

**Vedtak:** Ålesund kyrkjelege fellesrådet er samd med kirkerådet med å halde fram med kyrkjelova § 4. Tid og sted for val bør tas inn i kirkelova.

## E. Personvalregler

**Vedtak:** Ålesund kyrkjelege fellesrådet er samd med kirkerådet sin anbefaling.

## F. Regler for omfang av forhåndsstemming

**Møtebehandling:** Kyrkjeverjen sitt forslag er samrøysta vedtatt. Tilleggsforslag frå Sætre:

Vi ser det som uheldig at bispedømeråd og kyrkjemøte i prinsippet kan være samansett av personar som ikkje også er medlem av sokneråd. For å sikre gjennomgåande representasjon, bør ein viss del av (gjerne heile) bispedømerådet veljast av og mellom soknerådsmedlemmer tilsvارande det som gjeld for kyrkjelege tilsette.

Tilleggsforslag falt med 12 mot 1 røyst.

**Vedtak:** Ålesund kyrkjelege fellesrådet er samd med kyrkjerådet sin anbefaling om alternativ 3.

3. **Fjernmøter og skriftlig saksbehandling i kirkelige rådsorganer**  
Ålesund kyrkjelege fellesrådet er samd med kyrkjerådet sin anbefaling.

4. **Langtidsutleie av kirker**  
Ålesund kyrkjelege fellesrådet er samd med kyrkjerådet sin anbefaling.

5. **Høring – kirkevalg – valgordning for valg av prest og lek kirkelig tilsatt**  
Ålesund kyrkjelege fellesrådet er samd med tilrådinga til kyrkjerådet.

## Sak 043/20Høyring - Forskrift til trossamfunnsloven om forvaltning av kirkebygg

**Møtebehandling:**

Tilleggsforslag frå Sætre: Ålesund kyrkjelege fellesråd ber om at alle kyrkjebygg som ikkje er freda etter kulturminnelova vert forvalta på same måte. Vi kan ikkje sjå at det skal vere naudsynt at nær halvparten av alle kyrkjebygg i landet skal være listeført og pålagde restriksjonar som i mange tilfelle kan stå i vegen for utviklinga i den kyrkjelege aktiviteten.

1630 kyrkjer, nærmere 1000 med restriksjonar, 220 freda.

Kyrkjeverge sitt forlag falt med 4 røyster mot 9 røyster for tilleggsforslaget.

*Vedtak:*

Tilleggsforslag frå Sæthre: Ålesund kyrkjelege fellesråd ber om at alle kyrkjebygg som ikkje er freda etter kulturminnelova vert forvalta på same måte. Vi kan ikkje sjå at det skal vere naudsynt at nær halvparten av alle kyrkjebygg i landet skal være listeført og pålagde restriksjonar som i mange tilfelle kan stå i vegen for utviklinga i den kyrkjelege aktiviteten.

1630 kyrkjer, nærmere 1000 med restriksjonar, 220 freda.

Kyrkjeverge sitt forlag falt med 4 røyster mot 9 røyster for tilleggsforslaget.

**Sak 044/20Oppsigelse revisor for Skodje og Ørskog sokn**

*Vedtak:*

Ålesund kyrkjelege fellesråd ber kyrkjeverje om å seia opp avtala med Norvest revisjon og bytta til Møre og Romsdal Revisjon SA for Skodje og Ørskog sokn. Kyrkjeverje sendar melding til Samordnet registermelding om bytte av revisor.

**Sak 045/20Kontorlokaler Skodje sokn**

*Møtebehandling:*

Tilleggsforslag frå Sæthre: Ålesund kyrkjelege fellesråd inngår avtale om leige av kontorlokale i bankbygget på Skodje, på dei vilkåra som går fram av eposter frå Terje Fagervoll dater 24.9.20 og 22.10.20. Kyrkjeverja får fullmakt til å forhandle om en lavast mulig kompensasjon for den tida staben i Skodje sokn har hatt kontorlokale i Skodje tenestehus.

Forslag frå kyrkjeverje fekk 10 mot 3 røyster.

*Vedtak:*

Ålesund kyrkjelege fellesråd vedtar å takka nei til tilbodet frå Terje Fagervoll, og besluttar at kontor for prest og stab framleis skal vera på Skodje tenestehus inntil nye vurderingar blir gjort ut frå den økonomiske situasjonen fellesrådet befinner seg i.

For Ålesund kyrkjelege fellesråd

Andrea Hunger  
Kyrkjeverje